

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 14.10.2020

Jenny Følling (Sp) sette på vegner av Sp, A, Krf, Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2:

Gaularfjellet vert som hovudregel opna etter vinterstenging 1. mai.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje votert over fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Vedtak

1. Gaularfjellet vert vinterstengt 1. desember. Dersom det ikkje er kome snø til denne tida, vil vegen vere open fram til første snøfall som krev brøyting.
2. Gaularfjellet vert som hovudregel opna etter vinterstenging 1. mai.
3. Endringa gjeld for ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør som start 1.9. 2021.